

From: Jarle Ravndal
Sent: Wed, 20 Oct 2021 18:50:02 +0000
To: Postmottak Sakspost
Cc: Henrik Bjerg; erling.gundersen@lyse.net; sammad@lyse.net
Subject: Innspel til kommuneplanen
Attachments: Innspill_kommuneplan frå Ålgård turstilag - Folkerunden til Flassavatnet.docx, Innspill_kommuneplan frå Ålgård turstilag - Krysningspunkt av E39 ved Storenes.docx, Innspill_kommuneplan frå Ålgård turstilag - Raudviga - Røyselend - Midtfjell.docx, Innspill_kommuneplan frå Ålgård turstilag - Sykkelveg frå Skurvelia til E39.docx, Innspill_kommuneplan frå Ålgård turstilag - Turveg langs Edlandsvatnet på Bollestad.docx, Vedlegg. Folkerunden til Flassavatnet.pptx, Vedlegg. Krysningspunkt av E39 ved Storenes.pptx, Vedlegg. Raudviga - Røyselend - Midtfjell.pptx, Vedlegg. Sykkelveg frå Skurvelia til E39.pptx, Vedlegg. Turveg langs Edlandsvatnet på Bollestad.pptx

Hei!

Vedlagt er fem konkrete innspel (med vedlegg) frå Ålgård turstilag på Gjesdal kommune sitt forslag til arealplan. I tillegg ønskjer me å leggja vekt på følgjande to generelle punkt:

1. Grøne lunger i tettbygde strøk. Dette er positivt, og kan bety svært mykje for livskvalitet for mange som bur i området, både born, ungdom, vaksne og eldre. Eksisterande grønne lunger bør ikkje byggjast ned.
2. Parkering ved aktuelle turområde. Sjølv om dei fleste på Ålgård bur nær eitt eller fleire turområde, så er det også ofte ønskjeleg å kunna nytta turområda som ikkje ligg nærmast der ein bur. Gode parkeringsmulegheiter kan då vera avgjerande for kor lett det er å bruka turområda på andre sida av Ålgård. Dette vil også vera viktig for mange andre kjem tilreisande for å nytta naturen på Ålgård og i Gjesdal.
 - a. Eitt konkret punkt som bør prioriterast høgt å få til i nær framtid, er ei avklaring på parkering for dei som ønskjer å ta turen til toppen av Fitjanuten.

Med helsing

Jarle Ravndal
Ålgård turstilag

Mob. 481 01 430

www.atursti.no

Facebook: Ålgård turstilag



SKJEMA FOR INNSPILL TIL OPPSTART AV KOMMUNEPLANARBEIDET I GJESDAL KOMMUNE

Dette skjemaet skal fylles ut av de som har arealinnspill som ønskes vurdert i kommuneplanarbeidet. Øvrige innspill (som ikke er knyttet til et bestemt areal) til kommuneplanprosessen og planprogram-forslaget kan sendes i egen e-post, uavhengig av skjemaet.

Vi ønsker at skjemaet blir fylt ut ved at du skriver direkte inn i word-dokumentet, og at det sendes som vedlegg i e-post til post@gjesdal.kommune.no. Merk e-posten med «Innspill til kommuneplanen». Frist for innsending av forslag: **21. oktober 2021**.

Følgende vedlegg skal følge med innspillet:

- Kart som viser avgrensning av det aktuelle området.
- Oversiktskart som viser området og tilgrensande areal.
- Eventuell utfyllende omtale av innspillet.

Ta kontakt dersom det er noe du lurer på om utfyllingen av skjemaet.

Informasjon om arealet:

Gårds- og bruksnummer	1122-0/0 og 1122-9/12
Adresse	E39 – Hunnedalsvegen 1
Stedsnavn	Storenes, Vaula Bru
Grunneier	Gjesdal kommune og ?

Er alle berørte grunneiere kjent med at forslaget blir spilt inn til kommuneplanen: (sett x)	Ja	Nei
		X

Informasjon om den som leverer inn forslaget:

Navn	Ålgård turstilag
Post-adresse	Per Spelemannsv. 3, 4330 ÅLGÅRD
E-postadresse	jarle_ravndal@cargill.com
Telefon	481 01 430
Dato for innsendt innspill	20.10.2021

Omtale av det foreslåtte arealet:

Tema	Trafikksikkerheit
Eierforhold	??
Størrelse på arealet	??
Gjeldende arealbruk	Veg, vegkant og landbruk
Ønsket arealbruk (skriv litt om tiltaket og hva som er ønskelig å gjennomføre)	<ul style="list-style-type: none">- Etablering av eit sikkert krysningspunkt av E39 på Storenes, for mjuke trafikantar. Forslag: lysregulering som kun gir raudt lys for bilar dersom ein mjuk trafikant vil over vegen. Eventuelt i kombinasjon med redusert fart til 50 km/t.- Lag ny og god tilkomst frå turvegen ved Edlandsvatnet til det nye krysningspunktet på E39- Lag betre og sikrere tilkomst frå Limavegen til det nye krysningspunktet på E39. Vegen er nokså brei her, så ny merking er kanskje tilstrekkeleg

Ønsket tidspunkt for gjennomføring	2022
Begrunnelse for forslaget om endret arealbruk	- Tiltaket vil auka trafikksikkerheita svært mykje på krysningpunktet, og også på strekninga rundt dette som i dag vert brukt, men som er lite trygge. Dette er mellom anna sykling over Vaula bru (både på veg frå Ålgård til Lima, og tilbake att). Det kan også innebera sykling på E39 frå Storenes til Fiskebekk, der det er sykkelsti.

Vurdering av overordna måloppnåelse:

Se kapittel 3.3 i forslag til planprogram. Hvordan vurderer du at den ønska arealendringen/tiltaket bygger opp om overordna målsettinger i Gjesdal kommune:

Mål	Din vurdering/begrunnelse
Arealendringen/tiltakets innvirkning på folkehelsa:	Svært bra
Arealendringen/tiltakets innvirkning på barn og unge:	Svært bra
Arealendringen/tiltakets innvirkning på nedbygging av matjord	Ingen negativ verknad
Arealendringen/tiltakets innvirkning på klimagassutslipp	Nøytralt

Omtale av eksisterande infrastruktur som finnes i arealet eller grenser til arealet:

Tema	Status (ja/nei)	Mer info
Avløp	Nei	
Drikkevatn	Nei	
Vei (privat/offentlig)	Ja	E39 og Hunnedalsvegen
Gang- og sykkelvei	Ja	
Energi	Nei	
Bredbånd	Nei	
Bygninger	Ja	Gardsbruk

Beskrivelse av verdier i området, slik det er i dag:

Forklar litt om hva området brukes til i dag	<ul style="list-style-type: none"> - E39 er vanleg veg for bilar på området, men ikkje tilrettelagt for at mjuke trafikantar skal kunna kryssa vegen på ein trygg måte, på ein naturleg stad for vanleg ferdsel. - Området er til dels svært trafikkfarleg for mjuke trafikantar, som ofte er born og unge.
Redegjør for kjent informasjon om relevante tema	
	<i>f.eks. naturmangfold, friluftsliv, barn og unges bruk av området, flom, grunnforhold, andre relevante tema for arealet/tiltaket</i>

Adkomst, forventet trafikkmengde, parkering og infrastruktur generelt:

Beskriv hvordan adkomsten til området er tenkt. Hvor mye trafikk er tiltaket forventet å generere?	Det må lagast ny tilkomst til det nye krysningpunktet, frå turvegen ved Edlandsvatnet.
Håndtering av overvann og kloakk	

For innspill om boligformål

Beskriv arealets beliggenhet med hensyn til skole og barnehage, og avstand til sentrale servicefunksjoner	
---	--

Krysningspunkt av E39 ved Storenes / Hunnedalsvegen 1



*Vedlegg: Innspel til kommuneplan,
Gjesdal kommune, 20.10.2021*

- Krysningspunkt av E39 markert med raud strek
- Tilkomst til/frå turvegen ved Edlandsvatnet og Limavegen er markert med lys blå strek



Bakgrunn for forslaget:

Krysningspunkt av E39 ved Storenes / Hunnedalsvegen 1

- Det er i dag svært manglande tilrettelegging for trygg og god ferdsel for mjuke trafikantar i dette området
- Resultat: Det er høg risiko for at farlege, og svært farlege situasjonar, kan oppstå når mjuke trafikantar skal til og frå Hunnedalsvegen
- Relativt mange born og unge syklar her av og til, når dei saman med skulen besøker Limagarden
- Sykkeltenesta på Ålgård tek ofte sykkelturar innover mot Lima, og ofte oppstår vanskelege trafikksituasjonar, og usikkerheit om kva som er rett vegvalg



SKJEMA FOR INNSPILL TIL OPPSTART AV KOMMUNEPLANARBEIDET I GJESDAL KOMMUNE

Dette skjemaet skal fylles ut av de som har arealinnspill som ønskes vurdert i kommuneplanarbeidet. Øvrige innspill (som ikke er knyttet til et bestemt areal) til kommuneplanprosessen og planprogram-forslaget kan sendes i egen e-post, uavhengig av skjemaet.

Vi ønsker at skjemaet blir fylt ut ved at du skriver direkte inn i word-dokumentet, og at det sendes som vedlegg i e-post til post@gjesdal.kommune.no. Merk e-posten med «Innspill til kommuneplanen». Frist for innsending av forslag: **21. oktober 2021**.

Følgende vedlegg skal følge med innspillet:

- Kart som viser avgrensning av det aktuelle området.
- Oversiktskart som viser området og tilgrensande areal.
- Eventuell utfyllende omtale av innspillet.

Ta kontakt dersom det er noe du lurer på om utfyllingen av skjemaet.

Informasjon om arealet:

Gårds- og bruksnummer	3/11, 3/38, 3/1, 3/4, 3/15, 8/1, 8/19, 8/28
Adresse	Sikvalandsvegen 1594 - 1737
Stedsnavn	Skurvelia – Bollestad – Europavegen (E39)
Grunneier	?

Er alle berørte grunneiere kjent med at forslaget blir spilt inn til kommuneplanen: (sett x)	Ja	Nei
		X

Informasjon om den som leverer inn forslaget:

Navn	Ålgård turstilag
Post-adresse	Per Spelemannsv. 3, 4330 ÅLGÅRD
E-postadresse	jarle_ravndal@cargill.com
Telefon	481 01 430
Dato for innsendt innspill	20.10.2021

Omtale av det foreslåtte arealet:

Tema	Trafikksikkerheit: Sykkelveg frå Skurvelia til E39
Eierforhold	??
Størrelse på arealet	??
Gjeldende arealbruk	??
Ønsket arealbruk (skriv litt om tiltaket og hva som er ønskelig å gjennomføre)	- Opparbeiding av ca 1,5 km ny sykkelveg, frå Skurvelia til E39
Ønsket tidspunkt for gjennomføring	2022 - 2023
Begrunnelse for forslaget om endret arealbruk	- Tiltaket vil auka trafikksikkerheita svært mykje på denne strekninga, som er ein del av den viktige og mykje brukte turrunden «Edlandsvatnet rundt»

	<ul style="list-style-type: none"> - Sjølv om det ikkje er svært mykje trafikk på denne vegen, har mange opplevd skumle situasjonar og nestenulukker medan dei har vore på tur på denne strekninga. - Vegen er no godt opplyst om kvelden, men mange bilar køyrar fort, og kanskje alt for fort, her. - Også born og ungdom sykklar eller går rundt Edlandsvatnet åleine. - Mange går på tur saman med andre. Dersom fleire går i lag, og ikkje på rekke, kan bilar koma svært nær.
--	---

Vurdering av overordna måloppnåelse:

Se kapittel 3.3 i forslag til planprogram. Hvordan vurderer du at den ønska arealendringen/tiltaket bygger opp om overordna målsettinger i Gjesdal kommune:

Mål	Din vurdering/begrunnelse
Arealendringen/tiltakets innvirkning på folkehelsa:	Svært bra
Arealendringen/tiltakets innvirkning på barn og unge:	Svært bra
Arealendringen/tiltakets innvirkning på nedbygging av matjord	Kanskje noko matjord vert bygd ned. Alt etter teknisk løysing vert det kanskje mellom 1 og 3 mål
Arealendringen/tiltakets innvirkning på klimagassutslipp	Nøytralt

Omtale av eksisterande infrastruktur som finnes i arealet eller grenser til arealet:

Tema	Status (ja/nei)	Mer info
Avløp	Nei	
Drikkevatn	Nei	
Vei (privat/offentlig)	Ja	
Gang- og sykkelvei	Nei	
Energi	Nei	
Bredbånd	Nei	
Bygninger	Ja	Gardsbruk og privatboligar

Beskrivelse av verdier i området, slik det er i dag:

<p>Forklar litt om hva området brukes til i dag</p> <p>Redegjør for kjent informasjon om relevante tema</p>	<ul style="list-style-type: none"> - I dag er området vegkant mellom asfaltert vegbane, og vekselvis utmark og dyrka mark. - Mange går på tur her, mest som del av rundturne rundt Edlandsvatnet. Både unge, vaksne og eldre. <p><i>f.eks. naturmangfold, friluftsliv, barn og unges bruk av området, flom, grunnforhold, andre relevante tema for arealet/tiltaket</i></p>
---	---

Adkomst, forventet trafikkmengde, parkering og infrastruktur generelt:

Beskriv hvordan adkomsten til området er tenkt. Hvor mye trafikk er tiltaket forventet å generere?	Den nye sykkelvegen vil vera lett å koma til for dei som er på tur. Tiltaket er ikkje venta å ha nokon effekt på trafikkmengda i området. Men betre trafiksikkerheit for mjuke trafikantar.
Håndtering av overvann og kloakk	

For innspill om boligformål

Beskriv arealets beliggenhet med hensyn til skole og barnehage, og avstand til sentrale servicefunksjoner	
---	--

Sykkelveg frå Skurvelia til E39



*Vedlegg: Innspel til kommuneplan,
Gjesdal kommune, 20.10.2021*

- Forslag til ny sykkelveg er markert med raud sterk i kartet

 **Ålgård**
turstilag
- lett på tur

SKJEMA FOR INNSPILL TIL OPPSTART AV KOMMUNEPLANARBEIDET I GJESDAL KOMMUNE

Dette skjemaet skal fylles ut av de som har arealinnspill som ønskes vurdert i kommuneplanarbeidet. Øvrige innspill (som ikke er knyttet til et bestemt areal) til kommuneplanprosessen og planprogram-forslaget kan sendes i egen e-post, uavhengig av skjemaet.

Vi ønsker at skjemaet blir fylt ut ved at du skriver direkte inn i word-dokumentet, og at det sendes som vedlegg i e-post til post@gjesdal.kommune.no. Merk e-posten med «Innspill til kommuneplanen». Frist for innsending av forslag: **21. oktober 2021**.

Følgende vedlegg skal følge med innspillet:

- Kart som viser avgrensning av det aktuelle området.
- Oversiktskart som viser området og tilgrensande areal.
- Eventuell utfyllende omtale av innspillet.

Ta kontakt dersom det er noe du lurer på om utfyllingen av skjemaet.

Informasjon om arealet:

Gårds- og bruksnummer	1122-3/15, 1122-8/1 og 1122-8/15
Adresse	Sikvalandsvegen 1658 – 1672 – 1688 - 1714
Stedsnavn	Bollestad
Grunneier	?

Er alle berørte grunneiere kjent med at forslaget blir spilt inn til kommuneplanen: (sett x)	Ja	Nei
		X

Informasjon om den som leverer inn forslaget:

Navn	Ålgård turstilag
Post-adresse	Per Spelemannsv. 3, 4330 ÅLGÅRD
E-postadresse	jarle_ravndal@cargill.com
Telefon	481 01 430
Dato for innsendt innspill	20.10.2021

Omtale av det foreslåtte arealet:

Tema	Trafikksikkerheit og naturoppleving
Eierforhold	??
Størrelse på arealet	??
Gjeldende arealbruk	Landbruk
Ønsket arealbruk (skriv litt om tiltaket og hva som er ønskelig å gjennomføre)	- Opparbeiding av ca 1,0 km ny turveg langs kanten av Edlandsvatnet, forbi Bollestad, mellom Skurvelia og E39
Ønsket tidspunkt for gjennomføring	2022 - 2023
Begrunnelse for forslaget om endret arealbruk	- Tiltaket vil auka trafikksikkerheita svært mykje på denne strekninga, som er ein del av den viktige og mykje brukte turrunden «Edlandsvatnet rundt».

	- I tillegg vil naturopplevinga verta større pga turvegen går bort frå bilvegen.
--	--

Vurdering av overordna måloppnåelse:

Se kapittel 3.3 i forslag til planprogram. Hvordan vurderer du at den ønska arealendringen/tiltaket bygger opp om overordna målsettinger i Gjesdal kommune:

Mål	Din vurdering/begrunnelse
Arealendringen/tiltakets innvirkning på folkehelsa:	Svært bra
Arealendringen/tiltakets innvirkning på barn og unge:	Svært bra
Arealendringen/tiltakets innvirkning på nedbygging av matjord	Ingen negativ verknad
Arealendringen/tiltakets innvirkning på klimagassutslipp	Nøytralt

Omtale av eksisterande infrastruktur som finnes i arealet eller grenser til arealet:

Tema	Status (ja/nei)	Mer info
Avløp	Nei	
Drikkevatn	Nei	
Vei (privat/offentlig)	Ja	
Gang- og sykkelvei	Nei	
Energi	Nei	
Bredbånd	Nei	
Bygninger	Ja	Gardsbruk og hytter

Beskrivelse av verdier i området, slik det er i dag:

Forklar litt om hva området brukes til i dag	<ul style="list-style-type: none"> - I dag er området kantvegetasjon mellom dyrkamark og ferskvatn, i tillegg til noko utmark - Det er aktiv drift av dyrkamarka (grasproduksjon), og utmarka vert nytta til beite. - Ein turveg her vil auka «natur-faktoren» på turen rundt Edlandsvatnet merkbar, med auka sjanse for å sjå og oppleva dyreliv og fuglar på nært hald. - Denne turvegen langs vatnet vil bidra til at 1,4 km tur ved sida av trafikert veg vert erstatta med 1 km turveg i naturområde, utan bilar.
Redegjør for kjent informasjon om relevante tema	
<i>f.eks. naturmangfold, friluftsliv, barn og unges bruk av området, flom, grunnforhold, andre relevante tema for arealet/tiltaket</i>	

Adkomst, forventet trafikkmengde, parkering og infrastruktur generelt:

Beskriv hvordan adkomsten til området er tenkt. Hvor mye trafikk er tiltaket forventet å generere?	Den nye turvegen vil vera lett å koma til for dei som er på tur. Tiltaket er ikkje venta å ha nokon effekt på trafikkmengda i området. Men betre trafikkikkerheit for mjuke trafikantar.
Håndtering av overvann og kloakk	

For innspill om boligformål

Beskriv arealets beliggenhet med	
----------------------------------	--

hensyn til skole og barnehage, og avstand til sentrale servicefunksjoner	
--	--

Turveg langs Edlandsvatnet på Bollestad



*Vedlegg: Innspel til kommuneplan,
Gjesdal kommune, 20.10.2021*

- Hovedalternativ markert med raud strek
- To ulike alternativ er markert med lys blå strek
- Merk: Hovedruta her (raud strek) vil kunna vera eit alternativ til sykkelveg langs Sikvalandsvegen, som sparer nokre mål med matjord

SKJEMA FOR INNSPILL TIL OPPSTART AV KOMMUNEPLANARBEIDET I GJESDAL KOMMUNE

Dette skjemaet skal fylles ut av de som har arealinnspill som ønskes vurdert i kommuneplanarbeidet. Øvrige innspill (som ikke er knyttet til et bestemt areal) til kommuneplanprosessen og planprogram-forslaget kan sendes i egen e-post, uavhengig av skjemaet.

Vi ønsker at skjemaet blir fylt ut ved at du skriver direkte inn i word-dokumentet, og at det sendes som vedlegg i e-post til post@gjesdal.kommune.no. Merk e-posten med «Innspill til kommuneplanen». Frist for innsending av forslag: **21. oktober 2021**.

Følgende vedlegg skal følge med innspillet:

- Kart som viser avgrensning av det aktuelle området.
- Oversiktskart som viser området og tilgrensande areal.
- Eventuell utfyllende omtale av innspillet.

Ta kontakt dersom det er noe du lurer på om utfyllingen av skjemaet.

Informasjon om arealet:

Gårds- og bruksnummer	1122-7/641
Adresse	Ålgårdsheiå
Stedsnavn	Ålgårdsheiå - Flassavatnet
Grunneier	Ålgård-familien?

Er alle berørte grunneiere kjent med at forslaget blir spilt inn til kommuneplanen: (sett x)	Ja	Nei
		X

Informasjon om den som leverer inn forslaget:

Navn	Ålgård turstilag
Post-adresse	Per Spelemannsv. 3, 4330 ÅLGÅRD
E-postadresse	jarle_ravndal@cargill.com
Telefon	481 01 430
Dato for innsendt innspill	20.10.2021

Omtale av det foreslåtte arealet:

Tema	Helsesti
Eierforhold	Ålgård-familien?
Størrelse på arealet	??
Gjeldende arealbruk	Turveg og utmark
Ønsket arealbruk (skriv litt om tiltaket og hva som er ønskelig å gjennomføre)	<ul style="list-style-type: none">- Etablere ein såkalla «Folkerunde», eller «helsesti» på Ålgård- Dette er ein godt tilrettelagt turveg for folk flest. Starten av runden er tilrettelagt etter krava til universell utforming.- Plassering av fleire benker, og kanskje nokre bord, langs Folkerunden, slik at det vert lett å finna ein kvileplass- Ein kan også vurdere å montera trimapparat for utebruk langs denne stien (eller turvegen, som han jo er no i dag)
Ønsket tidspunkt for gjennomføring	2022

Begrunnelse for forslaget om endret arealbruk	<ul style="list-style-type: none"> - Tiltaket vil vera til ekstra glede for mange eldre, uføre, personar i rullestol eller scooter, personar som er på opptrening etter ulukker/operasjon, dei som triller barnevogn, passar på ungar, og for alle som meiner at benken er den viktigaste delen av heile turen
---	---

Vurdering av overordna måloppnåelse:

Se kapittel 3.3 i forslag til planprogram. Hvordan vurderer du at den ønska arealendringen/tiltaket bygger opp om overordna målsettinger i Gjesdal kommune:

Mål	Din vurdering/begrunnelse
Arealendringen/tiltakets innvirkning på folkehelsa:	Svært bra
Arealendringen/tiltakets innvirkning på barn og unge:	Svært bra
Arealendringen/tiltakets innvirkning på nedbygging av matjord	Ingen negativ verknad
Arealendringen/tiltakets innvirkning på klimagassutslipp	Nøytralt

Omtale av eksisterande infrastruktur som finnes i arealet eller grenser til arealet:

Tema	Status (ja/nei)	Mer info
Avløp	Nei	
Drikkevatn	Nei	
Vei (privat/offentlig)	Ja	Ålgårdsheiå
Gang- og sykkelvei	Ja	
Energi	Nei	
Bredbånd	Nei	
Bygninger	Ja	Skyttarhuset, ÅFK (klubbhus og hall), Gjesdal IL

Beskrivelse av verdier i området, slik det er i dag:

<p>Forklar litt om hva området brukes til i dag</p> <p>Redegjør for kjent informasjon om relevante tema</p>	<ul style="list-style-type: none"> - I dag er den 800 meter lange grusvegen opp til Flassavatnet mykje brukt til tur. Han er lett tilgjengeleg, har gode parkeringsmulegheiter, og er relativt lettgått. God kvalitet på vegen, og lite bakkar dei første 500 metrane. - Mange går allereie i dag turen som her vert kall «Folkerunden», som er akkurat litt over 2 km. Denne runden er eigentleg lettgått, men den siste kilometere er teknisk krevande, særleg etter mykje nedbør, pga dårleg kvalitet på turvegen. - Området vert ofte brukt som utgangspunkt for ulike rundturar, korte eller lange, enkle eller krevande. - Snart vert vegen også hovedvegen opp til den nye kommunale gapahuken som skal koma ved Flassavatnet - Ei stor utfordring i dag for mange er at gjerdeklyvaren er krevande å passera, og grinda i starten av runden oftast er låst med hengelås. Me føreslår å montera ein port med automatisk lukking i staden. <p><i>f.eks. naturmangfold, friluftsliv, barn og unges bruk av området, flom, grunnforhold, andre relevante tema for arealet/tiltaket</i></p>
---	---

Adkomst, forventet trafikkmengde, parkering og infrastruktur generelt:

Beskriv hvordan adkomsten til området er tenkt. Hvor mye trafikk er tiltaket forventet å generere?	Det er lett å koma til området med bil og buss, og gode parkeringsmulegheiter. Tiltaket vil truleg generera noko meir trafikk til området, men truleg lite samanlikna med alle som bur og køyrer forbi der til vanleg.
Håndtering av overvann og kloakk	

For innspill om boligformål

Beskriv arealets beliggenhet med hensyn til skole og barnehage, og avstand til sentrale servicefunksjoner	
---	--

Folkerunden til Flassavatnet

*Vedlegg: Innspel til kommuneplan,
Gjesdal kommune, 20.10.2021*



- **Frå sentralidrettsanlegget til Flassavatnet, (turkis)**
 - Grad av tilrettelegging: Høg. Turveg er i dag eigna for bruk av folk flest
 - Forbetringar: - Monter fleire kvilebenker
- Monter trimapparat?
- **Frå Flassavatnet og opp bakken (gul)**
 - Grad av tilrettelegging: Middels. Turvegen er i dag oppgradert med trebruer for lettare ferdsel
- **Frå toppunktet til sentralidrettsanlegget (raud)**
 - Ønska grad av tilrettelegging: Høg
 - Forbetringar: Grøfting, stikkørør under veg, oppgrusing med steinstøv. Montering av fleire kvilebenker
- **Start og slutt punkt (lilla)**
 - Monter portar med automatisk lukking

SKJEMA FOR INNSPILL TIL OPPSTART AV KOMMUNEPLANARBEIDET I GJESDAL KOMMUNE

Dette skjemaet skal fylles ut av de som har arealinnspill som ønskes vurdert i kommuneplanarbeidet. Øvrige innspill (som ikke er knyttet til et bestemt areal) til kommuneplanprosessen og planprogram-forslaget kan sendes i egen e-post, uavhengig av skjemaet.

Vi ønsker at skjemaet blir fylt ut ved at du skriver direkte inn i word-dokumentet, og at det sendes som vedlegg i e-post til post@gjesdal.kommune.no. Merk e-posten med «Innspill til kommuneplanen». Frist for innsending av forslag: **21. oktober 2021**.

Følgende vedlegg skal følge med innspillet:

- Kart som viser avgrensning av det aktuelle området.
- Oversiktskart som viser området og tilgrensande areal.
- Eventuell utfyllende omtale av innspillet.

Ta kontakt dersom det er noe du lurer på om utfyllingen av skjemaet.

Informasjon om arealet:

Gårds- og bruksnummer	1122-0/1, 1122-6/517, 1122-6/933 og 1122-6/1134
Adresse	
Stedsnavn	Raudviga, Røyseland og Midtfjell
Grunneier	Gjesdal kommune og Midtfjell utbyggingsselskap

Er alle berørte grunneiere kjent med at forslaget blir spilt inn til kommuneplanen: (sett x)	Ja	Nei
	X	

Informasjon om den som leverer inn forslaget:

Navn	Ålgård turstilag
Post-adresse	Per Spelemannsv. 3, 4330 ÅLGÅRD
E-postadresse	jarle_ravndal@cargill.com
Telefon	481 01 430
Dato for innsendt innspill	20.10.2021

Omtale av det foreslåtte arealet:

Tema	Friluftsliv for alle
Eierforhold	Gjesdal kommune og Midtfjell utbyggingsselskap
Størrelse på arealet	
Gjeldende arealbruk	LNF-område
Ønsket arealbruk (skriv litt om tiltaket og hva som er ønskelig å gjennomføre)	<ul style="list-style-type: none">- Opparbeiding av ca 400 meter ny turveg (høg standard, ca 2 meter brei), frå start av stien like nedfor Raudvigveien 27, langs vannkanten søraust-over til Raudvigsundet.- Bygging av bru over Raudvigsundet, og tilkomst til eksisterande turveg på autsida av sundet.- Tilretteleggja for gode parkeringsmulegheiter i området
Ønsket tidspunkt for gjennomføring	2022 - 2023
Begrunnelse for forslaget om endret arealbruk	<ul style="list-style-type: none">- Dette vil verta ein fin og attraktiv nærtur for mange, både unge, ungdom, vaksne og eldre. Det er uttrykt ønskje om å

	<p>kunna laga denne runden, som eit enklare alternativ til rundt heile Øygardsvatnet.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Heile runden rundt Raudviga vil vera muleg å laga i samsvar med krava til universell utforming, til nytte og glede også for alle som treng litt ekstra tilrettelegging, anten kronisk, eller i periodar av livet. - Kvalitetane med denne runden kan kvalifisera til omtale som «helsesti» - Mange som bur i området, og ikkje minst dei to barnehagane i området, vil setja stor pris på kort veg til «villmarka», dersom det kjem ei bru over Raudvigsundet. - Plassering av dette tiltaket (inkludert bru og ekstra parkeringsplasser) passar godt med framtidig behov dersom det skulle verta etablert t.d. frisbeegolfbane i området (Røyselandskogen og Røyseland).
--	--

Vurdering av overordna måloppnåelse:

Se kapittel 3.3 i forslag til planprogram. Hvordan vurderer du at den ønska arealendringen/tiltaket bygger opp om overordna målsettinger i Gjesdal kommune:

Mål	Din vurdering/begrunnelse
Arealendringen/tiltakets innvirkning på folkehelsa:	Svært bra
Arealendringen/tiltakets innvirkning på barn og unge:	Svært bra
Arealendringen/tiltakets innvirkning på nedbygging av matjord	Ingen negativ verknad
Arealendringen/tiltakets innvirkning på klimagassutslipp	Nøytralt

Omtale av eksisterande infrastruktur som finnes i arealet eller grenser til arealet:

Tema	Status (ja/nei)	Mer info
Avløp	Nei	
Drikkevatn	Nei	
Vei (privat/offentlig)	Nei	
Gang- og sykkelvei	Ja	Offentleg turveg
Energi	Nei	
Bredbånd	Nei	
Bygninger	Ja	Privatboliger

Beskrivelse av verdier i området, slik det er i dag:

<p>Forklar litt om hva området brukes til i dag</p> <p>Redegjør for kjent informasjon om relevante tema</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Turvegen langs Raudviga er i dag allereie mykje brukt som turveg og trening, og er ein fin del av den populære turen rundt heile Øygardsvatnet. Barnehagane brukar i dag ein flåte, eller kanoar, for å koma seg over sundet, på veg til gapahuken i Røyselandskogen. Det er ønskjeleg for mange at denne tilkomsten vert enklare. - Røyseland vert i dag ikkje mykje brukt, men kan i framtida brukast meir som rekreasjon, turmål (flott utsikt på toppen), bading (hoppe- og stupeplass på sørsida), og kanskje til frisbeegolf. - Røyselandskogen er i dag ein flott skog, med gapahuk og leikeområde på toppen nærmast Raudviga. I tillegg er
---	--

	<p>skogen lagt til rette for enkel orienteringsløping, perfekt for born som skal læra seg orientering (av Ålgård Orientering)</p> <ul style="list-style-type: none"> - Raudvigsundet er ei ferdselsåre i dag, med båt og kano om sommaren, og med ski og skeiser om vinteren. Dette må ikkje hindrast ved ei eventuelt framtidig bru over sundet <p><i>f.eks. naturmangfold, friluftsliv, barn og unges bruk av området, flom, grunnforhold, andre relevante tema for arealet/tiltaket</i></p>
--	---

Adkomst, forventet trafikkmengde, parkering og infrastruktur generelt:


Beskriv hvordan adkomsten til området er tenkt. Hvor mye trafikk er tiltaket forventet å generere?	<p>Det er enkelt å koma seg til området, men det kan vera utfordrande å finna parkering. Mange bur nær området, og vil kunna bruka dette utan bruk av bil. Den største parkeringsplassen i området i dag er truleg ved Nesjane og Øygardsvatnet barnehagar. Behovet for parkering er størst når barnehagane er stengde.</p> <p>Det er truleg størst utfordring med parkering dersom det vert etablert ein frisbeegolfbane i Røyselandskogen. Det virkar som det er enklast og mest attraktivt å laga ein slik bane inni Røyselandskogen (Time kommune). Eitt alternativ vil truleg vera å leggja til rette for parkeringsplassar i det nye utbyggingsområdet Midtfjell. Det kan vera anten lang nede i området, nær den nye hovedvegen, ved Kongstun skole (dersom den vert bygd der), eller høgare opp på Midtfjell, slik at tilkomst til Røyselandskogen kan skje i nordre enden av skogen (dagens skogsveg).</p> <p>Eit anna alternativ er å kunna koma over bekken med bil, og parkera på ny parkeringsplass i nedre del av lia på Røyselund.</p> <p>Elles ser det ut til at det er eit lite areal mellom Raudvigeveien 35 og ballbingen (35a) som kanskje kunne blitt utnytta som parkering.</p>
Håndtering av overvann og kloakk	

For innspill om boligformål

Beskriv arealets beliggenhet med hensyn til skole og barnehage, og avstand til sentrale servicefunksjoner	
---	--

Raudviga, Røyselund og Midtfjell


*Vedlegg: Innspel til kommuneplan,
Gjesdal kommune, 20.10.2021*




 **Ålgård**
turstilag
- lett på tur

Raudviga, Røyselund og Midtfjell

*Vedlegg: Innspel til kommuneplan,
20.10.2021*




Raudvigrunden – 1,3 km nærtur for alle



- Raudvigrunden kan verta ein svært attraktiv og lettgått nærtur for mange
- Potensialet er stort for å laga heile runde etter krava til universell utforming, slik at «alle» kan ta turen
- 900 meter er allereie på plass
- Prosjekt:
 - Laga ca 400 meter ny turveg på vestsida av Raudviga (lys blå strek)
 - Laga bru over Raudvigsundet (raudt rektangel)

Alternativ til ekstra parkeringsplassar i området



- Alternative forslag til parkeringsplassar i området er markert med raude ringar på kartet
- NB! Dette er mest med tanke på eventuell framtidig frisbeegolfbane i området.